



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

Bergen, 19.06.2015

## **Høringsuttalelse om Sulelva kraftverk i Masfjord kommune, Hordaland.**

Naturvernforbundet i Hordaland (NVH) er skeptisk til at Småkraft AS skal få konserasjon til å bygge ut Sulelva og Kuelva i Masfjord kommune, Hordaland. Det planlagte kraftverket, Sulelva kraftverk, er berekna til å gje ein gjennomsnitteleg årleg kraftproduksjon på 9,2 GWh. Vi meiner at kostnadane ved denne utbygginga langt overgår fortenesta, og begrunner dette med følgande:

### **Tap av INON**

INON (Inngrepsfrie Naturområder i Noreg) er områder som ligg minst 1 km i luftlinje frå tynge tekniske inngrep. Slike områder er under sterkt utbyggingspress og er kraftig redusert dei siste tiåra. Nyare forsking syner at verdien av INON er endå større enn tidlegare antatt (sjå t.d. Sverdrup-Thygeson, 2014). Tap av INON bidreg til fragmentering, som er den klart største trusselen mot biologisk mangfald (Kålås m.fl., 2010). Det planlagte naturinngrepet ved utbygginga av Sulelva kraftverk vil gi eit varig tap av INON tilsvarande 1400 daa. Den økologiske tilstanden i dette inngrepsfrie området er heller ikkje kartlagt, og vi viser til §9 i Naturmangfaldslova som seier: *Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffen forvaltningsstiltak.* Vi meiner at eit så stort tap av INON er svært negativt og bør vektast tungt i handsaminga av konserjonssøknaden.

### **Biologisk mangfald**

#### *Kartlegging:*

Dei biologiske feltundersøkingane er utført av tre personar den 20. august 2010, i tillegg til inspeksjon langs Sulelva dagen før. Nedbørsområdet til vassdraget er i følgje konserjonssøknaden 2,98 km<sup>2</sup>. Frå Fitjetjørna øvst i vassdraget, til den planlagte kraftstasjonen, er det 405 høgdemeter. Då det er avgrensa kor grundig kartlegging ein kan gjere av eit så stort område på så kort til har ein koncentrert seg om karplantar, mosar, lav og noko sopp, samt ei grov takstering av insekt tilknytt akvatiske miljø. Det vart ikkje gjort registreringar av fugl, akvatiske insekt, amfibiar, reptilar og pattedyr. Det er svært uheldig at det biologiske mangfaldet ikkje blir kartlagt i større omfang enn dette.

#### *Insekt:*

Fitjetjørna øvst i vassdraget er eit naturleg fisketomt vatn. Då det ikkje er predasjon frå fisk i vatnet kan insektfaunaen utvikle seg i langt større grad enn i tilsvarande ferskvatn med fisk. Under befaring vart det observert eit rikt insektliv, i tillegg til



frosk i ulike livsstadier. Slike naturleg fisketomme vatn er sjeldne og har status som nasjonalt prioritert naturtype. I konsekvensutgreiinga vert Fitjetjørnet verdivurdert til C-område, type E10 Naturlig fisketomme innsjøer og tjern. Det er mulig at verdivurderinga hadde vore endå høgre dersom den akvatiske insektfaunaen vart kartlagt.

### Fugl

Det vart ikkje gjort ornitologiske undersøkingar under befaring i august 2010. I rapporten vert det antydd at linerle og strandsnipe truleg hekkar i området, medan det er større usikkerhet knytta til om fossekall hekkar i området. Strandsnipe er nær truga (NT) etter norsk raudliste (Kålås m.fl., 2010). Delar av vassdraget er eigna for fossekall, og det er påvist fossekall fleire andre stadar i Masfjorden. Det kan derfor ikkje haldast for usannsynleg at fossekall hekkar i inngrepssområdet.

I eit område like vest for Sulelva er det påvist hekking av fem spettartar, gråspett, grønspett, flaggspett, kvitryggspett og dvergspett. Fleire av desse artane er i tilbakegang og blir ansett som omsynskrevjande artar. Sjølv om dei fysiske inngrepa ved utbygginga av Sulelva kraftverk ikkje skjer i dette området som er merka som viktig naturtype synes vi det er overmodig å trekke konklusjon om at utbygginga ikkje vil påverke dette området. Spettar brukar som regel områder på minst to kvadratkilometer i næringssøk. Området som er merka som hekkeområde for spettar startar berre 500 meter frå Sulelva. Spettar er nøkkelartar som har stor innverknad på andre artar. Dei fleste spettar etablerar nye reirplassar årleg og etterlet seg hulrom som andre artar dreg nytte av. Vi synes det er beklageleg at det ikkje er betre utgreiia kva konsekvensar utbygginga kan ha for spettartane i området.

### Naturtypar

Fitjetjørna er ein nasjonalt prioritert naturtype då det er eit naturleg fisketomt vatn. I tillegg er det påvist eit viktig hekkeområde for spettar og eit viktig beiteområde for hjort i nærliken av influensområdet. Slike viktige naturtypar er i tilbakegang og bør vege tungt i utbyggingssaker.

### Samla belasting

Vi syner til uttalen frå FNF Hordaland, datert juni 2015, som omtalar den samla belastninga i Masfjorden. Det er fleire store og små utbyggingar i området, og fleire tekniske inngrep er allereie konsesjonsgitt. Etter Naturmangfaldslova §10 skal den samla belastninga i eit område takast med i vurderinga i utbyggingssaker. Vi meinar at utbygginga av Sulelva kraftverk vil auke belastninga i området meir enn det som kan forsvarast ut frå straumproduksjonen.

### Energipolitikk

I konsesjonssøknaden står det «*Sulelva kraftverk tilfører kraftsystemet 9,2 GWh med ny fornybar el-kraft. Om man forutsetter at ny fornybar kraft erstatter annen kraft i det europeiske kraft-systemet vil man kunne beregne en reduksjon i CO2-utsipp. Det vil også redusere andre utsipp som vi ikke har drøftet her.*

*NNI-rapport nr. 240 dokumenterer at småkraftverk sparar miljøet for 677 g/kWh i forhold til "Europeisk miks at energiproduksjon". Rapporten bruker 350 kr/tonn CO2 (tall fra Transport Økonomisk Institutt) som sparte samfunnskostnader. Ut fra disse forutsetninger sparar Sulelva kraftverk miljøet for 5620 tonn CO2 i ett*



Naturvernforbundet  
Hordaland

*normalår, som blir om lag 2,0 mill. kr/år omregnet til økonomiske størrelser. Til sammenligning vil Sulelva kraftverk redusere CO<sub>2</sub> utsipp tilsvarende 1400 privatbiler. Sulelva kraftverk vil bidra til Regjeringens mål for CO<sub>2</sub> reduksjon».* Naturvernforbundet er sjølv sagt positive til utfasing av fossil energi og større bruk av fornybar energi. Dessverre finnes det ikkje politiske rammer som sikrar at ny produksjon av fornybar energi bidreg til å fase ut fossil energi, og reknestykket som er presentert ovanfor blir dessverre ikkje haldbart.

### Konklusjon

NVH meiner dei sikre og potensielle negative konsekvensane av utbygginga av Sulelva kraftverk er store nok til at utbygging ikkje er forsvarleg i eit heilheteteleg perspektiv. Særlig tungtvegande er tapet av 1400 daa INON, noko som i seg sjølv kan vere nok til å tale mot utbygging.

Med venleg helsing  
Naturvernforbundet Hordaland

Siri Vatsø Haugum  
Fungerande leiar,  
Naturvernforbundet Hordaland

Oddvar Skre  
Leiar, Naturmangfaldsgruppa

### Referansar

Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge

Sverdrup-Thygeson A, Søgaard G, Rusch GM, Barton DN (2014) Spatial Overlap between Environmental Policy Instruments and Areas of High Conservation Value in Forest. PLoS ONE 9(12): e115001.